

Bjørn Olav Tveit - kandidat til årets namn.

12.12.2014



Bjørn Olav ved sjakkbrettet saman med sonen Viljar og faren Haldor.(Foto: Ola Matti Mathisen)

Bjørn Olav Tveit er ein av dei 8 kandidatane når vi skal velja Årets namn 2014 i avisas Grenda. Bjørn Olav er ein svært god kandidat. Ikkje minst har han gjort seg gjeldande som svært dugande leiar i Festidalen, og saman med andre har han der klart å samla kvinnheringane til å arbeide mot eit felles mål. Og verkeleg lukkast!!.

I tillegg er Bjørn Olav kjent som ein svært dugande fagforreingsleiar i Utdanningsforbundet; - både i Kvinnherad og på fylkesnivå. Han er også aktiv som leiar og trenar i idrettssamanheng, og elles er han aktiv når det gjeld nyskaping og utvikling i bygda. Han legg ned eit stort arbeid, mykje tid og engasjement, og har alltid som mål å arbeida til beste for andre/fellesskapet. Såleis er han ein svært god kandidat til årets namn.

I Grenda sin omtale av kandidaten heiter det:

'Leiaren i Utdanningsforbundet Kvinnherad, Bjørn Olav Tveit, er godt kjend i Grenda sine lesarbrevspalter for ein god og engasjert penn. Han er med på det meste som skjer i heimbygda Uskedalen, særleg for sommarens storhending Festidalen. I år var han også med på å starta Folgefond sjakklubb.'

Vi kan stemme på Bjørn Olav, eller ein av dei 7 andre kandidatane, på følgjande måte:

Send namnet på kandidaten på sms til tlf 90 78 54 57 eller som e-post til post@grenda.no

Du kan og ringa inn ditt forslag til tlf. 53 48 71 00

Frist 20. desember kl. 12.00.

Dei 7 andre kandidatane er: Martin Femsteinvik, Gøril Guddal, Kristian Hus, Kjell Inge Hansen, Geir Skaala, Ove Tvedt og Ingvild Sjo.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland